

Kjære Gud, når eg bed



T og M Ralph Carmichael
O Arne Myskja
Arr Vegard Øyen



Kjære Gud, når eg bed, lat min tanke kvile i fred frå alt



stress i verda omkring og all uro for daglegging. Lat din kjærleik få trenge seg



inn, slik at han kan forandre mitt sinn. Lat oss alle som trur på ditt ord, vera



saman i bøn for vår jord.



2. Hjelp meg, Gud, til å gi
både pengar, arbeid og tid
i den tenesta der eg er sett,
slik at eg kan forvalte den rett.
Gi meg kraft til å dele mitt brød
med dei menneska som er i nød.
Hjelp meg søkje fornying og fred.
Høyr meg, kjære Gud, når eg bed.